

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 06.09.2018

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2019 – 2022
- PIZZABAKAREN. SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE FRÅ SALSVOGN
- ETABLERINGSTILSKOT. REVISJON AV RETNINGSLINER
- PRIVATE BUSTADFELT. PRINSIPP FOR KOMMUNAL MEDVERKNAD OG STØTTE
- REGION BERGEN REISELIV. VURDERING OM MEDLEMSKAP
- VISIT FJORDKYSTEN AS. AKSJEUTVIDING OG AVTALE OM KOMMUNALT TILSKOT 2019-21
- VAL AV KONTROLLUTVAL 2015 - 2019. SUPPLERINGSVAL
- GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR GULEN INDUSTRIHAMN. GBNR. 63/1 OG 63/15 M.M. HALSVIK.

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Frå ordføraren

Ein av dei varmaste summarane på lenge er på hell. Det har vore reine sydenstemning her på Vestlandet, og ingen stader er vel betre å feriere på i slikt vør enn her hjå oss. Men det har vore for tørt for bøndene og grasavlingane. Førsteslåttan vart for tørr, og mange fekk nok mindre avling enn vanleg; men ein god andreslått og mogeleg ein tredjeslått kan berge oss slik at det ikkje er noko krise her hjå oss. Men det er ei påminning om kor avhengige vi er av naturen i matvaresikkerheita, for på Øst- og Sørlandet har dei vore mykje hardare råka.



Utkantfestivalen gjekk av stabelen til vanleg tid, og vart som vanleg ei festforestilling. Det er fantastisk kva eldsjelene og alle frivillige får til år etter år. Det var også flott å sjå at lokalavisene hadde fyldig dekning av festivalen. Dette er god reklame for heile Gulen kommune, og tusen takk til alle som legg ned så mykje arbeid i dette kvart år.

Tradisjonen tru har også skyttarane våre gjort det stort på landsskyttarstevne. Og då som vanleg særleg dei unge skyttarane. 3 Norgemestarar i skogsløp med skyting, og fleire med medalje. Dette er vi stolte av, og arbeidet i dei tre skyttarlaga våre er fantastisk godt, og de gjer ein kjempeinnsats for ungdomen vår. I tillegg til dette eg har nemnt spesielt, så er her mange arrangement i løpet av sommaren i kommunen som frivillige står bak. Dette skapar trivsel i bygdene våre, og gjer at her er tilbod til aktivitetar over heile kommunen. Takk til alle som bidreg.

Gratulerer til Asbjørn Tobias Underthun frå Eivindvik. Han var ein av fire ungdomar frå Norge som i august deltok i OL i geofag i Thailand. Elevane har vore gjennom ein utvelgingsprosess der ein starta med 800 elevar frå heile landet. Asbjørn Tobias vann brosemedalje i gruppedelen av tevlinga.

Kommunen har skrive avtale med Telenor om utbygging av fiber, raskt Internett er viktig, men ingenting vert bygd ut her hjå oss på kommersiell basis. Så vi har fått tilskot, og gått inn med eigne midlar slik at vi hadde eit stort anbod ute no. Dei bygdene kommunestyre har prioritert er dei fire skulebygdene våre. Men med dei eigne midlane vi gjekk inn med utfordra vi utbyggarane på kor mange andre bygder dei kunne få med til den prisen. Vi fekk inn gode tilbod, og Telenor kom best ut frå dei kriterier vi sette i anbodet. Vi vil få utbygd fiber til 75-80% av innbyggjarane våre med denne utbygginga, og så er det viktig at vi sender inn søknad om midlar i neste runde på dei som ikkje kom med denne gongen.

Fiber til alle i Gulen er målsetting, og det er det vi jobbar fram imot ved neste søknadsomgang.

Helsing ordførar
Hallvard Oppedal


2 nye Kulturvandringsløyper i Gulen

Det er no etablert to kulturvandringsløyper i Gulen, ei i Eivindvik og ei på Tusenårsstaden Gulatinget.

Kvar av dei har 10 stopp der eit spesielt kulturminne, eller eit bestemt tema knytt til områda vert formidla.

Besøkande få tilgang til informasjonen på mobil eller nettbrett ved å logge seg inn på kulturvandring.no og velje den løypa dei vil gå.

Her finn ein og andre løyper der ein kan stifte nærmare bekjentskap med Jakob Sande i Dale, Anders Askevoll i Askvoll, lære om helleristningsfeltet i Ausevika, industrihistoria i Stongfjorden og mange fleire.



Informasjonen er på norsk og engelsk, med tekst og bilder - eller ein kan velje å få fortalt historiane av ein forteljar.

Det er Idun Losnegård som les dei norske tekstane, og Jeff Pedersen som les dei engelske.

På post 8 på ytre neset på Gulatinget får du til og med sjå ein filmsnutt; ei dramatisering av Holmgangen mellom Egil Skallagrimsson og Atle Skamme.

Men du må ut i felten for å få forteljingane.

Prosjektet er utvikla av FjordKysten i samarbeid med lokale kommunar.

Dagleg leiar for Gulatinget har saman med kulturkonsulenten i Gulen kommune stått for innhaldsproduksjonen, og her har blitt både tekst, bilder og film til dei to løypene.

Det vert i desse dagar og sett opp skilt som fortel om at her er kulturvandringsløyper. Så er det berre å ta mobilen fatt og gå på jakt.

Kulturvandringsløypene i Hafs er meint som eit tilbod til individuelle besøkande, og er eit supplement til guida omvisningar for grupper.



Eivindvik


Lyd Bilder Video

1,3km - 0t 50m

Du går inn i det område der Gulatinget var samla i 400 år, frå 900 – 1300 e.Kr. På turen vil du lære om Gulatinget og kulturminna frå denne perioden. Vi anbefalar deg også å ta turen til Tusenårsstaden på Flolid 4.7 km aust for Eivindvik, der du kan følgje ei eiga kulturvandringsløype knytt til Gulatinget. Her i Eivindvik får du òg høyre historia om

Innspel til Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Gulen kommune inviterar lag/organisasjonar, privatpersonar, politikarar og andre interesserte til innspelsmøte i samband med revisjon av Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. **Møtet vert halde på Dalsøyra Samfunnshus 12. september kl 19:00-21:00.**



Nye omsorgsbustader på Kjellevold

No er det like før Gulen kommune kan ta i bruk fire nye omsorgsbustader på Kjellevold. I tillegg vert det og ferdigstilt ny administrasjonsfløy for tilsette innan open omsorg og PU, og eit nytt flott aktivitetssenter for ulike brukargrupper.

I neste infopost kjem det meir informasjon og bilder frå nybygget.

Informasjon om husbanken

Husbanken har gjennom ulike ordningar for privatpersonar, bl.a.

- Startlån
- Tilskot til etablering
- Tilskot til tilpassing av eigen bustad
- Bustønad

Ulike former for tilskot

Kommunen får nokre midlar frå Husbanken kvart år, som kan gjevast i form av tilskot. Ein kan få tilskot frå kommunen dersom ein fyller kriteria under, og dersom kommunen har meir tilskotsmidlar att på konto.

Startlån

Startlån og tilskot er for personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som ikkje har mulighet til å spare. Du kan søke om startlån dersom du høyrer heime i minst ei av desse gruppene:

- ✓ Familie med barn, med behov for ein stabil bustad raskt
- ✓ Mottakar av trygd/offentlige ytingar
- ✓ Eig bustad og har gjeldsproblem
- ✓ Andre utfordringar og behov

- *Unge i etableringsfasen får ikkje startlån. Dersom du «berre» er ung og manglar eigenkapital er du nok ikkje i målgruppa for startlån. Då vert du oppmoda til å utnytte dei mogelighetene du har for å spare opp til naudsynt eigenkapital og søke lån i vanleg bank.*

Tilskot til etablering

Personar som ikkje klarar å betene eit startlån som er stort nok til å finansiere ein egna bustad kan få tilskot til etablering.

Tilskot til etablering skal bidra til å skaffe egna bustadar for vanskeligstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal også sikre at vanskeligstilte kan verte buande i ein egna bustad.

Startlån og tilskot kan gjevast til kjøp av ny eller brukt bustad og til refinansiering. Tilskot til etablering vert vanlegvis brukt som toppfinansiering når ein bustad skal refinansierast. Kor mykje tilskot som vert gjeven, er avhengig av husstanden sin økonomi og kor stort startlån husstanden kan betjene.

Tilpassing av bustad

Har du behov for å tilpasse bustaden din? Då kan du søke om finansiering til små eller store ombyggingar og tilpassingar.

Å tilpasse ein bustad vil sei å gjere den egna sånn at du kan fortsette å bu i den, sjølv om du har nedsett funksjonsevne. Tilpassinga på være hensiktsmessig og behovet for tilskotet vert vurdert i sin heilskap ut frå husstanden sin økonomiske situasjon på sikt.

Det finnes både låne- og tilskotordningar som kan gjere det mulig å finansiere tilpassing av bustaden din. Kommunen sin sakshandsamar vil kunne hjelpe til med å finne fram dei mulighetene som finnes for deg.

Tilskot til refinansiering av lånegjeld

Dersom du på grunn av betalingsproblem har vanskar med å behalde bustaden din, kan kommunen gi deg økonomisk rettleiing og støtte til refinansiering av bustadgjeld.

Ei løysing kan være å søke om startlån og/eller tilskot til refinansiering av bustadgjeld og eventuell anna gjeld. Dette er særlig aktuelt der bustaden er godt tilpassa eit spesielt behov, og kor



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Eivindvik tannklinikk

kommunen ut frå ei heilskapleg vurdering meiner at den beste løysinga er at du/de får fortsette å bu i bustaden.

Det er ein føresetnad at refinansieringa, eventuelt saman med andre tiltak, bidreg til ei varig løysing av dei økonomiske problema i forhold til bustad.

Sakshandsaren i kommunen vil kunne hjelpe til med å finne fram til de muligheter som finnes for deg f.eks. å gi deg informasjon om finansieringsmuligheter og andre støtteordningar som for eksempel bustønad.

Bustønad

Bustønad er ei behovsprøvd statleg stønadsordning for dei som har låg inntekt og høge bukostnader.

Husbanken og kommunen samarbeider om bustønadsordninga. Husbanken fattar vedtak, men det er kommunen som behandlar søknaden og har all kontakt med deg som søker.

Husbanken.no

Du finn meir informasjon om dei ulike ordningane på www.husbanken.no. Her kan du finne meir informasjon om kven som er i målgruppa og det finnes også ein kalkulator du kan nytte for å sjå kor mykje du kan få i bustønad.

Elektroniske søknadsskjema

Gulen kommune ber om at du bruker elektroniske søknadsskjema når du søker om husbanken sine verkemiddel. Dersom du ynskjer hjelp til å nytte elektroniske søknadsskjema, ta gjerne kontakt med kommunen sakshandsamar for hjelp og rettleiing.

Kontakt oss

Det er NAV Gulen som på vegne av kommunen tek imot og handsamar søknader om startlån, bustønad og tilskot. Om du har spørsmål om ordningar kring Husbanken sjå meir informasjon på www.husbanken.no eller ta kontakt med Gulen kommune på tlf. 57 78 20 00.

Kontaktinformasjon sakshandsamar:

Sakshandsamar Lindy Andersen jobbar med husbanksaker ut året 2018. Ta gjerne kontakt direkte på lindy.kristin.andersen@nav.no mobilnr. 406 42 410

Info frå tannklinikken

Frå september – november vil det komme tannlege og tannpleiar frå annan klinikk i fylket. Dei kjem til Eivindvik fire gonger i løpet av denne perioden.

Berre pasientar med rettigheter i den offentlege tannhelsetenesta vil bli prioriterte. Vår faste tannlege er i permisjon fram til jan/febr-19.

Ring om ein har spørsmål, 57636890
måndag-torsdag 08:00-15:00.



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100